

Arkivnr: 2015/1545-5

Saksbehandlar: Ronny Skaar

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		15.02.2017
Fylkesutvalet		22.02.2017

**Deltaking på St. Magnus International Festival 2017 - bidrag til Magnus 900****Samandrag**

Bergen Domkor er invitert til å ta del under St. Magnus International Festival på Orknøyane i juni 2017. På bakgrunn av vennskapssamarbeidet mellom Hordaland og Orknøyane og 900-års jubileet for St. Magnus, vil fylkesrådmannen rå til at Hordaland fylkeskommune løyver kr 150.000 til Bergen Domkor sin medverknad. Støtta frå Hordaland fylkeskommune vil vera eit bidrag til jubileet. Løyvinga vert gjort frå Fylkesutvalet sin rådveldepost.

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet løyver kr 150.000 til Bergen Domkor for medverknad ved St. Magnus International Festival i juni 2017.

Budsjettet vert endra slik:

10.720.200.00.14900 Tilleggsløyvingskonto fylkesutvalet går ned med kr 150.000

10.400.740.00.14700 Stønad etter vedtak aukar med kr 150.000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 31.01.2017**

Bergen Domkor er invitert til å ta del under St. Magnus International Festival på Orknøyane i juni 2017. Koret vil ha ein delegasjon på 34 personar, og reisa har eit totalbudsjett på kr 412.800.

### **St. Magnus International Festival**

Festivalen vart etablert i 1977, mellom anna av den verdskjende, Orknøybaserte komponisten Sir Peter Maxwell Davies, og har etablert seg som ein av dei mest velrenommerte og særprega festivalane i Storbritannia. Festivalen vert arrangert årleg i slutten av juni. Programmet har ein unik samansettinga av kunst i verdsklasse og ein sterk lokal forankring, og inkluderer musikk, scenekunst, litteratur m.m. På grunnlag av dei sterke historiske banda, har det gjennom åra vore mange kunstnarlege innslag frå Noreg.

### **Bergen Domkor**

Koret er eit amatørkor som vart etablert i 2009 og kan reknast mellom dei leiande kammerkora i Noreg. Koret samarbeider jamleg med profesjonelle musikarar og ensemble. Bergen Domkor er invitert til å medverka ved St. Magnus International Festival med ei konsert 22. juni 2017. I tillegg vil koret gje fleire konsertar på Orknøyane dei påfølgjande dagane.

### **Magnus 900**

Magnus Erlendsson vart fødd i 1080 og var son til Erlend Torfinnson, jarl av Orknøyane, og nedstamma frå Olav den heilage og Harald Hardråde. I følgje Orkneyingasaga hadde Magnus ord på seg for å vera ein fredfull og vennleg mann, som strevde med religiøse dilemma. Mellom anna nekta han å delta i strid under leiing av kong Magnus Berrføtt, som hadde annektert Orknøyane i 1098. I følgje sagaen song Magnus heller Davidssalmar om bord i skipet enn å ta del i kamphandlingar og plyndring. Til tross for at dette, i følgje sagaen, vart oppfatta som veikskap av kongen og nordmennene, fekk han seinare farsarven sin og vart innsett som jarl av halve Orknøyane. Den fredssele Magnus fekk etter kvart uvenner blant storbøndene, som framleis dreiv med vikingtokt. Langfredag 1117 vart Magnus drepen på Egilsey, i strid med sin fetter Håkon, den andre jarlen. Det vaks straks fram ein kult knytt til førestillinga om fleire mirakel ved drapsstaden og graven hans, og han vart etter kvart rekna som ein helgen. Dødsdagen hans, 16. april, er merka av på den norske primstaven. I 1136 starta arbeidet med den monumentale og mektige St. Magnus katedralen i Kirkwall, som, i følgje tradisjonen, skal romma leivningane til Magnus Erlendsson. Magnus vart kanonisert av pave Leo XII i 1898, og er den einaste norske helgen som er offisielt heilagkåra av Vatikanet.

I 2017 markerar Orkney Islands Council 900-års jubileet for St. Magnus martyrium. Det er lagt opp til ei rekkje arrangement i denne samanhengen. Støtte frå Hordaland fylkeskommune til Bergen Domkor sin deltaking vil vera eit bidrag til denne markeringa. Vidare vil Hordaland fylkeskommune følgja opp feleprosjektet i desember 2017. Prosjektet vart starta i 2016, og er eit samarbeid der felespelarar frå Hordaland samarbeider med musikarar og skuleelevar gjennom ei veke med fokus på felles musikktradisjonar. Nokre av deltakarane medverkar mellom anna på julekonserten i St. Magnus katedralen.

### **Vennskapssambandet Orknøyane - Hordaland**

Det formaliserte samarbeidet starta i 1983, då Orkney Islands Council og Hordaland fylkeskommune inngjekk ein venskapsavtale. Avtalen kom i stand mellom anna på initiativ frå Orkney Norway Friendship Association (ONFA), og er basert på og grunngjeve i dei nære og djupe historiske banda mellom våre regionar. Orknøyane har sterk tilknytning til vestnorsk kultur og historie, noko som mellom anna kjem til uttrykk i tradisjonar, folkekultur, historie og stadnamn. Det er ein sterk og levande interesse for Noreg på Orknøyane i dag.